



Innst. 66 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:74 S (2013–2014)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Pål Farstad, André N. Skjelstad og Abid Q. Raja om utgreiing av lovfesting av nasjonal minsteløn

Til Stortinget

Sammendrag

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa greie ut og i eigna form leggje fram spørsmålet om lovfesting av nasjonal minsteløn.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Komiteens behandling

Komiteen ba i brev av 28. mai 2014 om statsrådens vurdering av forslaget. Statsrådens svarbrev av 17. september 2014 følger vedlagt.

Som ledd i komiteens behandling av representantforslaget ble det 21. oktober 2014 avholdt høring i saken. Følgende deltok på høringen:

- LO
- YS
- Hovedorganisasjonen Virke

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørdal, Lise Christoffersen og

Anette Trettebergstuen, fra Høyre Stefan Heggelund, lederen Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøb, fra Fremskrittspartiet, Tor André Johnsen og Erlend Wiborg, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Venstre, Sveinung Rotevatn, og fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, viser til Representantforslag 74 S (2013–2014) frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Pål Farstad, André N. Skjelstad og Abid Q. Raja om utgreiing av lovfesting av nasjonal minsteløn.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Venstre, viser til at i Norge praktiserer man fri lønnsdannelse der partene i arbeidslivet selv kommer overens om lønns- og tariffspørsmål, hovedsakelig uten innblanding fra politiske myndigheter. Vår form for lønnsdannelse har bidratt til å disiplinere og ansvarliggjøre begge parter i arbeidslivet. Flertallet mener at vår form for lønnsoppgjør og -dannelse også har bidratt til medbestemmelse og anerkjennelse av partenes uavhengige rolle i samfunnet, samt sørget for en gunstig kjøpekraftsutvikling og stabil utvikling i norsk økonomi. Holden III-utvalget (NOU 2013:13) konkluderer også med at vår form for lønnsdannelse er til gunst for samfunnet. Flertallet ser ikke noen god grunn til at myndigheter med vekslende politisk flertall skal overta det systemet for lønnsdannelse som har fungert bra frem til nå.

Flertallet viser til at inngåelsen av den første Hovedavtalen i 1935 ble et tidsskille for organiseringen av det norske arbeidslivet. Hovedavtalen kalles gjerne «arbeidslivets grunnlov» og må ses på som et uttrykk for hovedorganisasjonenes tradisjonelle ønske om å inngå avtaler om lønns- og tarifforhold,

fremfor å få disse forholdene regulert ved lov eller myndighetsbeslutninger.

Flertallet viser til at i de fleste av EUs medlemsland (23 av 28) er det i dag innført en eller annen form for lovbestemt minstelønn. Tyskland er det seneste landet som vedtok en lovbestemt minstelønn, på 8,50 euro per time. Flertallet viser til at felles trekk for disse EU-landene er at de mangler brede hovedavtaler eller sentrale hovedsammenslutninger som aksler oppgaven med å ta ansvaret for en helhetlig lønnsdannelse. I Tyskland har eksempelvis organisasjonsgraden på ganske få år sunket til 18 pst. For mange europeiske land var innføring av minstelønn et forsøk på å demme opp for sosial dumping, men resultatet har vært at minstelønnen blir en standardlønn for de som tjener minst, ofte 30–50 pst. under gjennomsnittslønn (Fafo-rapport 2012:07, side 31, fig 3.3). Denne rapporten kan ikke tolkes som noen støtte til forslaget om å vedta minstelønn i Norge.

Flertallet viser til at Norge skiller seg ut ved at landet har sterke arbeidsgiver- og arbeidstakerorganisasjoner som evner å fremforhandle landsomfattende lønns- og tariffavtaler. Flertallet viser til at en nedre grense for lønnsnivået dermed er resultat av forhandlinger mellom arbeidstaker- og arbeidsgiverorganisasjonene, og ikke som resultat av en politisk bestemt minstelønn i det nasjonale lovverket. Flertallet mener at dette forhandlingssystemet bør videreføres, og ser ikke behovet for å utrede lovfesting av nasjonal minstelønn. Flertallet støtter derfor ikke representantforslaget.

Flertallet viser for øvrig til at Lov om allmenngjøring ble vedtatt i 2007, og allmenngjorte tariffavtaler etablerer et minste lønnsnivå for arbeidstakerne som ikke omfattes av ordinære tariffavtaler. Allmenngjøringsordningen er ikke direkte underlagt politisk styring, men overlatt til en statlig oppnevnt tariffnemnd. Nemnden består av fem medlemmer, hvorav én fra hver av partene og tre som er nøytrale. Flertallet mener at allmenngjøring av tariffavtaler er et godt virkemiddel for å etablere anstendige lønns- og arbeidsvilkår i utsatte bransjer. Flertallet viser til at statsråden i sitt svarbrev av 17. september 2014 skriver at regjeringen har igangsatt et eksternt forskningsprosjekt som skal se på virkningene av allmenngjøringsordningen. Flertallet finner dette positivt.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet og Venstre meiner det er nødvendig å gjere fleire av reguleringane i arbeidslivet universelle for å hindre sosial dumping, og gjere dei uavhengige av om arbeidsplassen har tariffavtale eller ikkje.

Desse medlemene viser til at fleire forskningsrapportar dei seinare åra har avdekkja useriøsiteten og omfattande sosial dumping innanfor fleire bran-

sjar, som mellom anna bygg, industri og private tenestebransjar som reinhald og bemanning. Seinast i januar 2014 vart det lagt fram ein Fafo-rapport som viste at mengda av lovbrøt i utelivsbransjen er svært høg, samstundes som det er store manglar når det gjeld arbeidskontraktar, arbeidstid og overtid.

Desse medlemene viser til at arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter regulerer mange vesentlege forhold knytt til arbeidsvilkår i Noreg, men det finst ingen lovregel som regulerer ei konkret nedre grense for kva ein ser som akseptabel løn. Minstelønsreguleringar i Norge har tradisjonelt vore overlattne til partane sin autonomi, men EU si austutviding i 2004 gjorde at denne ordninga måtte supplerast av allmenngjøring av minstelønssatsar innanfor bransjar som opplevde høg grad av arbeidsinnvandring frå dei nye medlemsstatane, det vil seie bygg-, skips- og verftsindustrien, landbruk og reinhald.

Desse medlemene meiner at lovfesta minsteløn kan vere eit supplement eller eit alternativ til allmenngjøring av avtalar. Med lovfesta minsteløn meiner ein eit minste lønnsnivå som anten blir fastsett ved lov eller ved heimel i lov av dei folkevalde. Ei lovfesta minsteløn set eit golv for løn. Dette golvet er fråvikeleg oppover, men ikkje nedover.

Desse medlemene viser til Fafo-rapporten 2012:07 «Lovfesta minstelønn i Norden og Europa», som slår fast at ei nasjonal, lovfesta minsteløn i Noreg vil kunne gi vern til sårbare grupper i svakt organiserte område, der regulering gjennom tariffavtaler eller allmenngjøring er lite aktuelt. Vidare peiker rapporten på at etableringa av eit nasjonalt minstelønsgolv kan hindre framveksten av nye låglønssjikt og sikre at alle arbeidstakarar får ei inntekt ein kan leve av. I tillegg er nasjonal lovfesta minsteløn ei regulering som det er lett å formidle til arbeidstakarar og arbeidsgjevarar, og ho er lett å kontrollere. Desse medlemene meiner dette er ein fordel særleg med tanke på arbeidsinnvandrarar og utlandslske verksemdar.

Sjølv om det finst mange gode grunnar til å innføre nasjonal minsteløn i Noreg, er det også behov for meir kunnskap på området. Det er på det rene at ei lovfesta nasjonal minsteløn vil få ulike konsekvensar i Noreg, og desse medlemene meiner at desse bør utgreiast. Forskningsrapportar som berre tek utgangspunkt i erfaringane med minsteløn i Europa, er ikkje tilstrekkeleg for å avdekkje korleis eit system med lovfesta minsteløn i Noreg vil fungere. Difor meiner forslagsstillarane at spørsmålet om minsteløn bør bli ei sak for offentleg utgreiing.

Desse medlemene viser til at Virke og YS gav uttrykk for at dei støttar dette synspunktet under høyringa om saka den 21. oktober 2014. Virke uttalte det på følgjande måte:

«Når vi alle er oppteken av å sikre tilsette sømmelege lønnsvilkår og verksemdene like konkurransevilkår, må vi vere villige til å vurdere alle tiltak, medrekna lovfesta minstelønn. Virke meiner difor at det er på tide at det blir utgreitt om ei lovfesta minimumslønn kan vere eit alternativt eller eit supplement til allmenngjering av tariffavtalar. Dersom ei grundig utgreiing viser at lovfesta minstelønn ikkje er vegen å gå, skal Virke vere den fyrste til å akseptere det. I dag blir diskusjonen prega av for mykje synsing og for lite fakta.»

Desse medlemene viser til representantforslaget og fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa greie ut og i eigna form leggje fram spørsmålet om lovfesting av minsteløn.»

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at forslagstillarane grunnjev forslaget om utgreiing av nasjonal minsteløn i Noreg med at «det er nødvendig å gjere fleire av reguleringane i arbeidslivet universelle for å hindre sosial dumping, og gjere dei uavhengige av om arbeidsplassen har tariffavtale eller ikkje.» Desse medlemene vil vise til at omfanget av negativt press på norske løns- og arbeidsvilkår har auka i takt med liberaliseringar av den norske arbeidsmarknaden og det stadig større innslaget av utanlandsk arbeidskraft i Noreg som følgje av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS).

Desse medlemene viser til at Senterpartiet røysta imot EØS-avtalen då eit fleirtal på Stortinget vedtok denne i 1992. Desse medlemene viser til at omfanget av EØS-innvandringa auka kraftig etter utvidinga av Den europeiske unionen (EU) austover i 2004 og 2007. Dette har medført til dels store negative konsekvensar for løns- og arbeidsvilkåra for norske arbeidstakarar i fleire yrkesgrupper som er utsett for det enorme tilbodet av utanlandsk arbeidskraft. Desse medlemene viser vidare til at dei yrkesgruppene som tapar mest på denne konkurransen, får svekka attraktivitet og status hjå norske ungdommar, noko som igjen får negative konsekvensar for framtidig utvikling av løns- og arbeidsvilkår.

Desse medlemene vil vise til at De Facto kunnskapssenter for fagorganiserte nyleg gav ut rapporten «Mot et tredelt arbeidsliv – Norsk arbeidsliv ti år etter øst-utvidelsen av EU». Denne rapporten dokumenterer at ordna løns- og arbeidsvilkår er utsett

for eit voldsamt press i delar av norsk arbeidsliv og at desse problema spreier seg til stadig nye bransjar. Der problema er størst, blir òg fagrørsla svekka mest. Organisasjonsgraden fell. Brutaliseringa aukar. Rapporten dokumenterer at åttaka på løns- og arbeidsvilkåra er ein direkte konsekvens av EØS-avtalen sitt fri flyt-regime og EU/EØS-retten sitt prinsipp om at fri rørsle skal prioriterast framfor vern av arbeidstakarane. Gjennom stadig nye direktiv og dommar blir norske styresmakter sine moglegheiter til å stilla krav om ordna løns- og arbeidsvilkår til føretak som opererer i Noreg, innskrenka som følgje av korleis Noreg praktiserer oppfølginga av EØS-avtalen. Desse medlemene siterer frå innleiinga i rapporten: «Outsourcingen av arbeidslivspolitikken til Brussel svekker fagbevegelsen og gjør kampen vanskeligere.» Desse medlemene vil understreka at det påkvikler norske styresmakter eit stort ansvar å forsvare norske løns- og arbeidsvilkår og at denne kampen må førast òg mot EU-direktiv som medverkar til nettopp dette. Desse medlemene ser EØS-avtalen som det største trugsmålet mot kampen for å forsvare norske løns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarar i Noreg.

Desse medlemene viser til at Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti går imot nasjonal minsteløn.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Fremskrittspartiet og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa greie ut og i eigna form leggje fram spørsmålet om lovfesting av minsteløn.

Komiteens tilråding

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Dokument 8:74 S (2013–2014) – representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Pål Farstad, André N. Skjelstad og Abid Q. Raja om utgreiing av lovfesting av nasjonal minsteløn – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 25. november 2014

Arve Kambe

leder

Dag Terje Andersen

ordfører

Vedlegg

Brev fra Arbeids- og sosialdepartementet v/statsråden til arbeids- og sosialkomiteen, datert den 17. september 2014

Representantforslag 74 S (2013 - 2014) frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Pål Farstad, André N. Skjelstad og Abid Q. Raja

Eg syner til brev frå Arbeids- og sosialkomiteen 28. mai 2014, der komiteen ber om mi vurdering av representantforslag 74 S (2013-2014) frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Pål Farstad, André N. Skjelstad og Abid Q. Raja.

Representantane foreslår at Stortinget skal be regjeringa greie ut og i eigna form leggje fram spørsmålet om lovfesting av nasjonal minsteløn.

I saksframlegget syner forslagsstillarane mellom anna til at det er naudsynt å gjere fleire av reguleringane i arbeidslivet universelle for å hindre sosial dumping. Forslagsstillarane meiner at lovfesta minsteløn er eit alternativ til allmenngjering av tariffavtalar.

Regjeringa arbeider aktivt mot sosial dumping og for eit seriøst arbeidsliv. Målet vårt er eit regelverk som lukar ut useriøse verksemdar og aktørar, og som legg til rette for rettferdig konkurranse.

Allmenngjeringsordninga inneber ei bransjevis forskriftsfesting av minimumsløn og visse andre arbeidsvilkår. Allmenngjeringsforskrifta fastset minimumsløna for alle som arbeider i den aktuelle bransjen utan omsyn til om dei er bundne av tariffavtalen eller ikkje. Arbeidstilsynet fører tilsyn med at

allmenngjeringsforskriftene vert etterlevd, og sanksjonerer brot på dei.

Allmenngjeringsforskrifter gjeld no i fire bransjar. Dette er bransjar som vi veit har utfordringar knytt til sosial dumping, useriøsitet og arbeidslivskriminalitet. I tillegg har det kome krav om allmenngjering i fire nye bransjar. Desse krava skal no handsamast av Tariffnemnda.

Som uttrykt i den politiske plattformen, vil regjeringa vidareføre allmenngjeringsordninga. Samstundes skal vi sjå på om dei tiltaka som er sett i verk mot sosial dumping, er dei rette verkemidla for å sikre at alle har akseptable løns- og arbeidsvilkår, utan å leggje unødige byrder på dei som driv seriøst og innanfor reglane. Regjeringa er også open for å vurdere om det er andre tiltak som bør takast i bruk. Vi har nyleg sett i gong eit eksternt forskingsprosjekt som skal undersøkje kva verknader allmenngjeringsordninga har på arbeidsmarknaden og fastsetjing av lønene. Dette arbeidet skal vere ferdig hausten 2015.

På bakgrunn av dette er mi vurdering at tida ikkje er inne for ei utgreiing av nasjonal minsteløn som eit alternativ til allmenngjering no. Eg vil likevel ikkje sjå vekk frå at det kan bli aktuelt på eit passende tidspunkt ein gong i framtida å utgreie om minsteløn kan vere eit teneleg verkemiddel. Det vil eg i tilfelle kome attende til når vi har sett nærare på verknadane av de tiltaka som allereie er sett i verk.